



Kjell Magnus Økland heldt tale under Oselvarfestivalen i fjor - veka før han sendte boka om oselvaren til trykk. (Foto: Kjetil Vasby Bruarøy)

Har du ein maritim idé?

I fjor var det fire helger på rad med arrangement i Os. No inviterer Kystsogevekene fleire til å melda seg på.

Av: Kjetil Vasby Bruarøy (mailto:kjetil@midtsiden.no) Tirsdag, april 4, 2017 - 09:59

Kystsogevekene er samla sett kanskje det største kulturarrangementet i Noreg, med konsertar og aktivitetar i 22 kommunar, frå Gulen i nord til Sveio i sør.

I Os var det i fjor fire helger på rad med kystkultur, frå opning med [fiskekonkurranse](http://www.midtsiden.no/nora-vann-hovudpremien1) (http://www.midtsiden.no/nora-vann-hovudpremien1) i Øyane laurdag 13. august til vernissasje på Vedholmen Galleri helga etter, Bondens Dag i Os sentrum påfølgande laurdag og avslutting med [dødsing, song, kapproing og tatovering](http://www.midtsiden.no/jon-dodsa-fra-altanen-pa-oselvarnaustet) (http://www.midtsiden.no/jon-dodsa-fra-altanen-pa-oselvarnaustet) (!) Oselvarfestivalen laurdag 3. september.

Etablerte arrangement og nye idear

– Kystsogevekene 2017 går i år frå 12. august til 17. september. Opninga er lagt til Strusshamn på Askøy, fortel Kjell Magnus Økland.

Økland, forfattaren bak praktverket «Oselvar - den levande båten», [som blei gjeven ut i haust](http://www.midtsiden.no/vellykka-bokslepp-med-batutstilling) (http://www.midtsiden.no/vellykka-bokslepp-med-batutstilling), er dagleg leiar i stiftinga.

– Leveringsfristen er 1. mai for det som skal koma med i programheftet. Fristen for å søkja arrangementstøtte frå Kystsogevekene er 1. juni.

– Om det er nokon som går svanger med eit potensielt arrangement er det no tid for å starta planlegginga. Ta gjerne kontakt for å drøfta idear, seier Kjell Magnus.

0 kommentarer

Sorter etter Eldste



Legg til en kommentar ...

Facebook Comments Plugin